Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 1 JANUAR 1994 27. ÅRG.

# Bibler til Kina



Søndag 30. januar er Bibeldagen. Det er fellesmøter i Arna og Ytre Arna kyrkjer og det vert takkoffer til bibler til Kina. Fan Jing-fang var i oktober 1993 stolt over å kunne vise fram bibel nr. 6 million siden trykkeriet i Nanjing ble åpnet i 1987.

# Herrens lidande tenar

Nokon herleg skapnad hadde han ikkje,
det var ingen hugnad å sjå han.
Vanvørd var han, folk held seg unna,
ein mann i pinsler, velkjend med sjukdom,
ein svivørd mann som ingen ville sjå på;
vi rekna han for inkje.

Sanneleg, våre sjudomar tok han på seg,
og våre pinsler bar han.
Vi trudde han var heimsøkt,
slegen av Gud og ille plaga.

Men han vart såra for våre brot
og sundbroten for våre synder.
Straffa låg på han, så vi skulle ha fred,
og ved hans sår har vi fått lækjedom

*Frå profeten Jesaja
kapitel 53*



# «Ditt namn er kjærleik»



## SONGKVELD I ARNA KYRKJE MED BENTE BRATLUND MÆLAND OG «MAJ 7»

Fredag 4. mars kl. 19.30 kjem lyrikaren og forfattaren Bente Bratlund Mæland og songgruppa «Maj 7» til Arna. Leiaren av gruppa, Kristin Voll Tesdal har tonesett fleire av dikta til Bente Bratlund Mæland. Kvelden vil i hovudsak bestå av Bente sine dikt og Kristin sine melodiar.

Bente Bratlund Mæland kjem frå Os, og har skrive fleire diktsamlingar, barnebøker og romanar. «Maj 7» er ei songgruppe frå Voss, som har sunge saman i ca. 4 år no. Pianist i gruppa er Ragnar Tesdal, som kjem frå Arna. «Maj 7» syng mest norsk og engelsk gospel og viser. Programmet denne kvelden vil bestå av begge delar, sjølv om hovuddelen er rolegare og meir «meditative» songar, fordi tekstene til Bente Bratlund Mæland innbyr til ettertanke.


Solstrands
Begravelsesbyrå
Herman Fossgt. 11
Døgnvakt
55 32 55 50
Våre repr. i Arna
Helge Spilde
tlf.: 55 24 38 82
Willy Soltvedt
tlf.: 55 24 76 23
Begravelsesbyråenes Forening
Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris

# Bibeldagen i Arna Prestegjeld

Søndag 30. januar er det Såmannssøndagen. Som vanleg er bibeldagen lagt til denne søndagen. Bibelen er folket si bok og trua si kjelde. Vi samlast i takksemd denne søndagen fordi vi så rikeleg har Guds ord mellom oss. Dette forpliktar oss i arbeidet med å gje bibelen til andre.

Denne bibelsøndagen satsar vi på Kina. Dette veldige landet har 1,1 milliard menneske. Dei spør etter bibelen som aldri før. Det er ei fantastisk misjonsoppgåve.

I Arna prestegjeld vert bibeldagen markert ved Høgmessa i Arna kyrkje kl. 11.00. Der er det takkoffer til bibelmisjonen.

Om kvelden er det fellesmøte med alle dei kristne samfunna og organisasjonane i sokna.

I Arna kyrkje tar møtet til kl. 19.30 og i Ytre Arna kyrkje kl. 19.00.

I Arna talar informasjonssekretær i bibelselskapet Dag Kjær Smemo, og Betaniakoret syng.

I Ytre Arna kyrkje talar Olav Skråmestø, og det vert song ved felleskor.

Så vonar vi på god oppslutning på bibeldagen og seier vel møtt.





# Ekteparhelg

Diakoniutvalet i Arna hadde ei samling før jul der dei sette søkelyset på samliv og ekteskap. Det var leiaren ved Senter for diakoni og veiledning ved Diakonissehjemmet i Bergen, Ivar August Bye, som var med oss den kvelden.

Nå inviterer Diakoniutvalet til Ekteparhelg fredag 11. til laurdag 12. mars. Staden er Bjørnefjorden Gjestetun i Os. Her er det plass til 18 ektepar. Prisen vert kr. 500,- pr. person alt inkludert. Temaet er samliv og ekteskap. Her er det mange ting å ta opp under kyndig rettleiing av den same erfarne familieterapeuten. 1994 er FN sitt familieår. Kva er då viktigare enn å fokusere på samliv og ekteskap. Her bør vi starte med oss sjølv og vårt eige ekteskap. Vi vonar mange har lyst til å vera med til Os desse to dagane. Ein kan ta kontakt med kyrkjekontoret, tlf. 55 24 04 00 eller med Turid Mjelde, tlf. 55 24 28 71.

Frist for påmelding er 22. februar.

# Bibler til Kina



*Fan Ding Kui er to år gammel og høyt elsket. Moren får ikke lov av myndighetene til å få flere barn. Streng fødselskontroll er et middel for å kunne brødfø hele befolkningen også i fremtiden.*

Det er fremdeles forbudt å importere eller ta med seg bibler inn i Kina. Men myndighetene tillater trykking av bibler i Nanjing. Et samarbeid mellom Kinas Kristne Råd, Vennskapsstiftelsen og De Forente Bibelselskaper førte til at man i 1987 kunne åpne det første bibeltrykkeriet inne i Kina.

«Myndighetene har hittil gitt trykkingstillatelse for det antall bibler menighetene bestiller,» forteller produksjonsleder Mike King ved bibeltrykkeriet i Nanjing. «Derfor er det så viktig at også grupper og organisasjoner i vest bestiller biblene de ønsker å sende til de kristne i Kina fra trykkeriet her i Nanjing. På den måten kan vi få høyere produksjonskvoter. Dessuten blir biblene langt billigere for giverne i vest! Nylig fikk vi en stor ordre på 8000 bibelbøker fra en organisasjon ledet av Billy Graham's sønn.»

I 1993 ble det trykt 1,6 millioner bibler i Nanjing! I tillegg trykkes det et betydelig antall salmebøker for menighetene. Målet for 1994 er 1,8 millioner bibler. Skal dette målet nås, må det arbeides i tre skift i døgnet rundt ved trykkeriet.

# Bispevalg

**Av Trygve Johansen**

Enda en gang skal vi velge en ny biskop i vår kirke, og denne gang gjelder det vårt eget bispedømme. Bjørgvin bispedømmeråd har satt opp en liste med kandidater, og snart skal menighetsråd, prester og andre stemme på den kandidat som de synes passer best. Valg av en ny biskop er en svært omstendelig prosess, derfor tar det lang tid før valget er klart.

Hvilke faktorer bør en ta hensyn til i det nye biepevalget? Den nye biskopen må være en brobygger f.eks. i spørsmålet om kvinnelige prester. Det blir en viktig oppgave for den nye biskopen å bli en samlende faktor både for motstandere og tilhengere av kvinnelige prester. Vi trenger en biskop som kan plassere dette spørsmålet der det hører hjemme, nemlig ute i periferien, for denne saken hører ikke med til sentrum i vår kristne tro. En ny biskop må være en brobygger mellom fløyene, så ikke dette spørsmålet skal virke splittende i vårt bispedømme. Biskop Per Lønning er en god brobygger, og det er viktig at den nye biskopen følger opp på dette feltet.

En annen viktig faktor vi må ta hensyn til når vi skal velge ny biskop, er at vedkommende har holdt vedlike sin teologi. Det er ikke nok at en person en gang i en fjern fortid har avlagt teologisk embetseksamen, men han bør ha arbeidet kontinuerlig med teologiske spørsmål i sin tjeneste. Å få tid til teologisk arbeid er ofte svært vanskelig for en prest i sitt daglige arbeid, men jeg synes likevel at vi må stille dette kriterium til vår nye biskop. Når jeg her fremhever teologisk arbeid, så tenker jeg både på praktisk teologisk arbeid så vel som på bibelstudium og den systematiske teologien. Det er viktig at en ny biskop kan sin teologi, og at han lærer rett ut fra Skriften og bekjennelsen.

Det er selvsagt mange faktorer som er viktige ved et bispevalg, men her vil vi nøye oss med å fremheve den viktige brobyggeroppgaven vår nye biskop får, samt at han har arbeidet med teologiske spørsmål i sin tjeneste. Vi må be om at den rette kandidaten blir valgt til biskop, og dette må være vårt bønnetema inntil resultatet er klart.

# KLUBBLEIARAR

Klubben for funksjonshemma i Arna er eit samarbeidstiltak mellom Bergen kommune og Arna Sokneråd.

**NO TRENG VI FLEIRE LEIARAR.**

Klubben tel 10-15 medlemmer frå heile Arna og har møte kvar onsdag frå kl. 18.00-20.00.

Klubbkvelden inneheld ulike aktiviteter, spill, musikk og spising.

Klubbleiarane deltar 2-4 kveldar pr. månad og får betalt for «strevet» med kr. 120,- for kvar kveld.

Vi treng kvinner og menn over 18 år.

Interesserte tar kontakt med Kåre Kvalvåg tlf. 56 39 18 71 arbeid el. 55 24 39 86 privat.



# Arna sokneråd



*Harald Haugsvær, formann*



*Solveig Kolnes, sekretær*



*Kari Clausen, kasserer*



*Jon Tesdal*



*Erik Stephansen*



*Ragnar Aabrekk, varamedlem*



*Svein Mjelde*



*Ingrid Hope*



*Jorunn Christensen, varamedlem*



*Ingjerd Dagestad, varamedlem*



*Sokneprest Kjell Nese*



*Bjørg Hellesøy, varamedlem*

Dette er medlemmene av Arna sokneråd, som er valgt for perioden fra 1994-1997. Med i soknerådet er også: Erling Osland, nestformann, Olav Wikse, Lars Gunnar Hartveit og Odd Kjos, varamedlem.
Vi ønsker det nye soknerådet lykke til med sin særs viktige oppgave i kyrkjelyden og oppfordrer til at soknerådet og dets medlemmer blir tatt med i bønnene fra hele kyrkjelyden.

# Kirkens Nødhjelp

## Dør-til-dør aksjon 22. mars

Tirsdag 22. mars blir det innsamlingsaksjon i Arna prestegjeld til Kirkens Nødhjelp. På denne dagen blir det innsamlingsaksjon i heile landet. Nauda i verda er større enn nokon gong. Me ber om di hjelp. Di gåve kan gi mat til dei som svelt, klede til dei som frys. Fastebøsse ligg ved i dette bladet. Frå kl. 17.00 innsamlingsdagen vil bøssebærarar koma på di dør. Takk for at du tek vel imot dei.

I Arna vil konfirmantar, konfirmantforeldra og andre frå kyrkjelyden ta del i aksjonen. Aksjonen vert avslutta med gudstenestе i Arna kyrkje, der gåvene blir båre fram på altaret, og me ber om Guds signing for Kirkens Nødhjelp sitt arbeid.




# Bibel-arrangementer

**LØRDAG 29. JAN. KL. 11.00-21.30**

*Grieghallens foajé:*
Storsamlinger med mange lyspunkt: utstilling, den kinesiske mur laget av skolebarn, aktiviteter og kafeteria - og spennende kveldsprogram.

*kl. 11.00: Fyllingsdalen barnegospel, dokketeater, sketsj - dias*
*kl. 12.00: Søråshøgda barnekor, dokketeater, sketsj, info - diasserie*
*kl. 13.00: Free Kids, dokketeater, sketsj, info - diasserie*
*kl. 19.00: Rune Larsen har med seg lyspunkter som Karoline Krüger, Jan Sverre Stray, Terje Kleppe med orkester m.m.*

**LØRDAG 29. JAN. KL. 12.00**
*Den Nationale Scene:*
Lørdagskafe med opplesing fra Bibelen.






# ADAMS DAM - ny tegneserie bare her i menighetsbladet

*- Det bor en frosk i oss alle, sier mannen bak tegneserien ADAMS DAM, amerikaneren Joel Kauffmann.*

Hils på frosken Adam. Med sin enkle strek, men svært så intelligente ironi, har amerikaneren Joel Kauffmann skapt en tegneserie vi tror du vil fryde deg over.

— Jeg lurer av og til på om mitt valg av levebrød har å gjøre med alt det jeg ikke fikk lov til som guttunge, sier Joel Kauffmann (38). Han vokste opp sammen med fem brødre og søstre i en sterkt pietistisk mennonitt-familie.

Joell Kaufmann ønsker ikke med tegneserien sin å sette seg på sin høye hest og fordømme andre. - Tegneserien er selvkritisk både på egne vegne og kirkens vegne, sier han. Kirken er full av mennesker som, slik som Adam, ikke helt får tatt den siste troens skritt over fra de gode intensjoner til et liv «i Kristus».

Vi ønsker Adam og hans venner velkommen hit til vår lille andedam.





*Biletet viser søndagsskuleborn frå Haugland saman med ein av leiarane, Roger Hosøy.*

# Hauglands-nytt

## Julefest I

Også siste år arrangerte Haugland Søndagsskule julefest. Det var ein fin flokk med born og vaksne som vart ynskt velkomen. Fint var det å sjå alle borna forventningsfulle og kledd i sin finaste stas. Juleevangeliet vart lese. Borna opptrådte med fin song. Pianospel ved Ole Arthur Hanstveit. Elles var det andakt ved Ingrid Helland. Sjølvsagt høyrde mat, brus, kaffe og gong om juletreet med. Festen var på alle måtar vellukka for dei som kom og var med. Takk til leiarane i Haugland Søndagsskule, Solgunn og Roger Hosøy, for dei er villige å stå i dette viktige arbeidet.

Søndagsskulearbeidet er eit stort og viktig arbeid i vår kyrkje. Søndagsskulen er eit tilbod og hjelp til at borna kan få opplæring i «den kristne forsaking og tru», slik det blir lova ved dåpen.

Som folk og nasjon bør vi alle være takksame for det store og verdifulle arbeid søndagsskulen er. La oss overfor alle søndagsskulearbeidarane i landet visa vår takk i form av bøn, offer, omsorg og velvillig hjelp.

## Julefest II

Første søndag i det nye året var det på ny julefest. Denne gong ynskte Arild Hetlebakke velkomen på vegne av Haugland Indremisjon. Frammøtet var godt og det vart ei fin og god stund. Anita Solbakk talte Guds ord og Aud Gaupås las dikt. Elles tok Haugland Musikklag del med song. Borna høyrer sjølvsagt med på festen. Lovise Rolland, Ragnhild Vesetvik og Ole Arthur Hanstveit tok del med piano-spel. Takk skal de ha. Takk til alle trufaste medarbeidarar for de steller i stand til fest.

**Andreas**



# Kirkens SOS ønsker å ha døgnvakt

Kirkens SOS er en telefontjeneste drevet av Den Norske Kirke.

Kirkens SOS er ingen organisasjon, men er en fellestjeneste for menighetene. Arbeidet er en del av menighetenes diakonale arbeid og et tilbud til dem som bor i den enkelte menighet.

Vi ønsker å være et lavterskel-tilbud til mennesker som er i en vanskelig livssituasjon. For mange mennesker er det lettere og mer ufarlig å ringe til oss enn å oppsøke f.eks. prestekontoret.

I 1933 har vi hatt 34 henvendelser i døgnet. Til nå har vi hatt åpent hver kveld og natt samt noen timer på dagtid om hverdagene. Nå ønsker vi å utvide dette tilbudet ved å ha vakt 24 timer i døgnet. Men for nå dette målet trenger vi nye medarbeidere som ønsker å gjøre en tjeneste i kirken, og som ønsker å komme i kontakt med mennesker som kirken ofte ellers ikke når. Som medarbeider i Kirkens SOS får du et halvt års kurs i sjelesorg, en blir også fulgt opp med grupper og samlinger mens en er med i tjenesten. Vi ønsker å ta godt vare på medarbeiderne våre.

For å være medarbeider må man være kristen og over 22 år.

Vi har en jevn aldersmessig fordeling av medarbeidere fra 80 år og nedover.

Vi ønsker oss ikke noen supermennesker som skal løse alle problemene, vi er ikke en gjeng eksperter, men vi ønsker mennesker som er villige til å lytte til et annet menneske når dette trenger det.

Dersom du tror at dette kunne være noe for deg, så nøl ikke med å kontakte Greta eller Gunhild på Kirkens SOS, tlf. 55 32 58 45. Dersom du ikke tror at det er noe for deg, men kunne hatt lyst til å prøve, så ring likevel og la dem avgjøre det.

BIBELORD I DAGLIGTALE




«Uriaspost»
2. Samuelsbok 11, 14 f f

BIBELEN
Norges mest leste bok med ord for hverdagen.
DET NORSKE BIBELSELSKAP

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

**Ytre Arna sokn:**

16.01.94: Alexander Sagstad Hansvoll, Renate Gustavsen Dalland, Helge Nordvik Almås.

**Arna sokn:**

12.12.93: Pernille Merlén Eliassen, Cecilie Hjartholm, Anders Ytre-Arne Vågane.

26.12.93: Marie Rodal, Stina Schütz Schnelle, Kim André Reigstad Førland.

02.01.94: Karianne Broch.

08.01.94: Tor-Magnus Engesæt.

## † Døde

**Ytre Arna sokn:**

18.12.93: Anna Rivenes, f. 1902

18.12.93: Magnus Rønhovde, f. 1905

25.12.93: Borghild Hartveit Andreassen, f. 1928

01.01.94: Odd Martin Fonn, f. 1920

**Arna sokn:**

10.12.93: Odd Seim, f. 1914

13.12.93: Magna Wergeland, f. 1907

16.12.93: Emma Nævdal, f. 1900

19.12.93: Olav Espedal, f. 1920

21.12.93: Andreas Bernhard Romslo, f. 1917

21.12.93: Berner Thunestvedt, f. 1916

22.12.93: Malvin Thunes, f. 1924

23.12.93: Ole Johan Borge, f. 1912

04.01.94: Sigmund Høyseter, f. 1935

## Ofringar

**Ytre Arna sokn:**

| | | |
|---|---|---|
| 28.11.93: | IKO | kr. 1.655 |
| 05.12.93: | Konfirmantarbeidet | kr. 1.442 |
| 19.12.93: | Kyrkjelydsarbeidet | kr. 486 |
| 19.12.93: | Kyrkjekoret (Julekonsert) | kr. 2.560 |
| 24.12.93: | Kirkens Nødhjelp | kr. 6.046 |
| 25.12.93: | Det Norske Misjonsselskap | kr. 1.965 |
| 02.01.94: | Kyrkjelydsarbeidet | kr. 821 |
| 09.01.94: | Kristent arb. bl. blinde | kr. 1.050 |

**Arna sokn:**

| | | |
|---|---|---|
| 05.12.93: | Kyrkjelydshuset | kr. 4.148 |
| 12.12.93: | Norges Kr. Stud.- og skoleungd.lag | kr. 2.940 |
| 19.12.93: | Kyrkjelydsarbeidet | kr. 2.523 |
| 24.12.93: | Kirkens Nødhjelp | kr. 6.245 |
| 24.12.93: | Kirkens Nødhjelp | kr. 7.450 |
| 24.12.93: | Diakoniutvalget i Arna | kr. 6.216 |
| 25.12.93: | NMS | kr. 5.187 |
| 26.12.93: | Kristent arb. bl. blinde | kr. 3.224 |
| 01.01.94: | Kyrkjelydshuset | kr. 1.979 |
| 02.01.94: | Santalmisjonen | kr. 6.714 |
| 09.01.94: | Kyrkjelydsarbeidet | kr. 1.625 |

## Kyrkjeskyss frå Haugland/Gaupås til Ytre Arna kyrkje

Bilen går frå Hauglandsskiftet kl. 10.45 og køyrer om Brurastien og Gamsevegen til Ytre Arna kyrkje.

6. febr.: Aud Else Vesetvik
13. febr.: Jon Steinset
20. febr.: Tormod Hanstveit
6. mars: Eli Mohn
13. mars: Tormod Hanstveit
20. mars: Aud Else Vesetvik
31. mars: Aud Else Vesetvik
1. april: Jon Steinset
3. april: Tormod Hanstveit

## Møter

**Ytre Arna bedehus:**

01.-06.02: Møteveke v/Indremisjonen. Talar Leiv Nesheim.

13.02. og 17.02: Bibeltimar v/Arvid Arne.

19.02: Årsmøte v/Indremisjonen.

27.02: Vennebesøk frå Haugland.

06.03: Familiemøte.

12.03: Årsmøte v/Santalmisjonen.

17.03. og 24.03: Bibeltimar v/Sigvald Storheim.

**Haugland bedehus:**

08.02: Møte. Talar Idar Simonsen.

22.02: Bedehusbasar.

08.03: Samtalemøte.

20.03: Familiemøte kl. 17.00. Atle Berland og Vollum musikklag vert med.

22.-27.03: Møteveke v/Indremisjonen.

25.03: Årsmøte v/Indremisjonen.

## Arna Kyrkjekor

Arna Kyrkjekor har starta opp att med øving etter jul. Det er øving kvar onsdag kl. 20.00 i Kyrkjelydshuset i Indre Arna. Har du lyst til å vera med og syngja saman med oss, er du hjarteleg velkomen.

K-FORUM ARNA

K-FORUM starter sitt første møte dette året **tirsdag 8. februar** m/tema: «LA TINGENE FALLE» v/kap. Signe Sandberg.

Videre er datoene slik:

**8. mars:** Kvinnedagen (vi drar til byen og deltar på kretsens arr.)

**12. april:** «OSS KVINNER IMELLOM».

**10. mai:** «VI DELER».

**7. juni:** Tur???

Alle møter er i Kyrkjelydshuset **tirsdager kl. 19.30.**

## Neste nummer av Kyrkjelydsbladet

Neste nummer av Kyrkjelydsbladet er påskenummeret, som kjem ut 17. mars.
**Stoffrist er 4. mars.**

## Lovsongskveldar

Lovsongskveld i Kyrkjelydshuset:
**Første Lovsongskveld i det nye året vert søndag 29. februar.**
**Neste 29. mars og 24. april kl. 17.00.**
Ta med kaffimat, kaffi, te, saft får du.
Andakt.

Kom og ver med, så syng vi gamle og nye samlar og songar saman.

## Bladpengar for Kyrkjelydsbladet

I dette nummer av Kyrkjelydsbladet finn du ein postgiroblankett for innbetaling av bladpengar for Kyrkjelydsbladet for 1994. Bladpengane er framleis på kr. 35,00. Same blankett kan nyttast om du vil gi ei gåve til bladet.

Vi seier hjarteleg takk til alle som vil støtte Kyrkjelydsbladet og på den måten kyrkjelydsbladet i Arna.

## Kyrkjeskyss frå Haukeland/Lone

30. januar: Berit Haugsvær tlf. 55 24 08 15
6. februar: Sverre Myklebust tlf. 55 24 29 05
13. februar: Odmund Skjoldal tlf. 55 24 28 76
20. februar: Ingrid Hope tlf. 55 24 08 08
27. februar: Jens Hauge tlf. 55 24 01 54
6. mars: Nils Minde tlf. 55 24 01 54
13. mars: Berit Haugsvær
20. mars: Sverre Myklebust

## Internasjonal bønedag 4. mars

Den internasjonale bønedagen for kvinner er i år 4. mars. Kvinner frå heile verda er denne dagen samla til bøn. Mottoet kjem i år frå kristne palestinske kvinner og det lyder slik: «Gå! Sjå! Fortel!» (Markus 16,9-15).

Det vert bønesamling i Arna bedehus klokka 18.00.

**ARNA GRAVFERDSBYRÅ**
Espeland

BEGRAVELSESBYRÅENES FORENING

**Kåre Bj. Hope**
**Tlf. 55 24 08 08 - Mobiltlf. 945 01504**

Står til teneste med alt ved dødsfall

---

**SAMDALS** BYRÅ
**JONSVOLLSGATEN 1**

**90 19 80 hele døgnet**
***Kommer også hjem for samtale.***
**J. Teigland tlf. privat: 55 24 22 23**

---

**KIRKENS SOS**

**Treng du nokon**
**å snakka med?**
**Ring 32 32 00**
**frå klokka 19 til 07**
**alle dagar**
eller mellom klokka 10 og 14
måndag til fredag.

---

RUTH STEPHANSEN
*SONETERAPEUT NFS*
Soneterapi Øreakupunktur



Moldalia 28 B
5230 Espeland
Tlf: (55 24 00 83)

---

**ARNA PRESTEGJELD**
**Arna kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna:** Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15.
**Kontortid:** Tirsd., onsd., fred. kl. 10.00-12.00.
Torsdag kl. 17.30-19.00.
**Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39:** Tlf. 55 24 85 46.
**Kontortid:** Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.
**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 55 24 05 69. **Kontortid:** Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.



**KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**
**Utgjevar:** Soknerâda i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna
**Redaktør:** Audun Stølås

**Forretningsførar:** Turid Vie
**Bladpengar:** Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgironr. 0805 3104445
Trykt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

---

**Spesialforretning i blomster**
Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.
Pynting av kirke,
konsert- og forsamlingslokaler.
**Espeland Gartneri**
5230 ESPELAND, TLF. 55 24 08 09
ARTHUR HOPE

---

*Frøydis* SALONGEN
**Garnesveien 41 - Indre Arna**
**Tlf.: 55 24 00 68**
**Stedet for moderne og fagmessig hårdesign**
**Dame • Herre • Brudepynting**
Fagkunnskap gir trygghet
10% for pensjonister alle dager.

---

**I MIN FORRETNING**
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

*Kleiveland A.S*
*Ur og Gullsmed*
5260 Indre Arna - Telefon 55 24 04 96

---

**KREDITKASSEN**
CHRISTIANIA BANK OG KREDITKASSE

Banken i Arna – for Arnafolk,
der alle kundar, store og små,
er hjarteleg velkomne.

**KREDITTKASSEN**
**avd. Arna**

---

***BLOMSTER***
til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.
**55 24 25 95**

**a.s. Sarepta**
5260 Indre Arna

---

Vi reparerer alle typer
husholdningsapparat.
Monterer TV-antenner,
også TV 2.

**Litangen**
**Husholdningsservice,**
**Garnes**
**Telefon 55 24 02 87**

# *Velkomen til kyrkje*

**Jan. 30** *Såmannssøndagen — Hebr. 4, 12-13*
**Arna kl. 11.00.** Sokneprest Nese. Takkoffer til bibelmisjonen. Søndagsskule.
**Arna kyrkje kl. 19.30.** Fellesmøte med organisasjonane og dei kristne trussamfunn i Arna sokn. Tale ved informasjonssekretær i Bibelselskapet D.K. Smemo. Song ved Betaniakoret. Offer.
**Ytre Arna kl. 19.00.** Fellesmøte med organisasjonane og dei kristne trussamfunn i Ytre Arna sokn. Tale ved Olav Skråmestø. Song ved eit felleskor. Offer.
**Trengereid kl. 11.00.** Kap. Johansen. Takkoffer til bibelmisjonen. Nattverd.

**Feb. 06.** *Kristi forklåringsdag — Joh. 17, 1-8*
**Arna kl. 11.00.** Sokneprest Nese. Takkoffer. Søndagsskule. Song ved Keryx. Nattverd. Årsmøte i kyrkjelyden etter gudstenesten. Val av utsendingar til bispedømemøtet.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Familiegudsteneste. Kap. Johansen og bysekretær Bjarne Andersen. Borna sin misjonsdag. Takkoffer, NMS. Kyrkjekaffi. Ytre Arna Barne og ungdomskor.
**Takvam kl. 16.00.** Sokneprest Kjell Nese.

**Feb. 13.** *Søndag før faste. (Fastel. søndag) — Joh. 12, 24-33*
**Arna kl. 11.00.** Familiegudsteneste. Kap. Johansen og barnesekr. Ellen Theis Moe. Borna sin misjonsdag. Takkoffer. Kyrkjekaffi.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Sokneprest Kjell Nese. Takkoffer Kyrkjelydshuset. Nattverd.

**Feb. 16.** *Askeonsdag — Joel 2, 12-13*
**Arna kl. 20.00.** Fastegudsteneste. Sokneprest Nese. Song ved kyrkjekoret. Nattverd.

**Feb. 20.** *1. s. i faste — Matt. 16, 21-23*
**Arna kl. 11.00.** Krinssekretær Tor Dag Kjosavik. Takkoffer. Nattverd.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Kap. Johansen. Takkoffer Blå Kors. Speidarane tek del.

**Feb. 23.** **Takvam kl. 19.00.** Kap. Johansen. Fastegudsteneste. Nattverd.

**Feb. 27.** *2. s. i faste — Luk. 7, 36-50*
**Arna kl. 11.00.** Kap. Johansen. Takkoffer. Santalmisjonen. Søndagsskule. Dåp.
**Trengereid kl. 11.00.** Familiegudsteneste. Sokneprest Nese. Takkoffer. Nattverd.

**Mars 02.** **Betania kl. 19.30.** Fastegudsteneste. Sokneprest Nese. Nattverd.

**Mars 04.** **Arna kyrkje kl. 19.30.** Konsert. Maj 7.

**Mars 06.** *3. s. i faste — Luk. 4, 31-37*
**Arna kl. 11.00.** Gudsteneste. Takkoffer. Søndagsskule. Nattverd.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Kap. Johansen og Sigvald Storheim. Takkoffer. Euromedier. Nattverd.

**Mars 09.** **Trengereid kl. 19.00.** Fastegudsteneste. Sokneprest Nese. Nattverd.

**Mars 13.** *4. s. i faste — Joh. 6, 24-36*
**Arna kl. 11.00.** Sjøforsvarsprest Leif Tore Michelsen. Takkoffer. Søndagsskule. Dåp.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Sokneprest Nese. Takkoffer Santalmisjonen.

**Mars 15.** **Ytre Arna kl. 19.30.** Fastegudsteneste. Kap. Johansen. Kyrkjekoret. Nattverd.

**Mars 16.** **Arna kl. 20.00.** Fastegudsteneste med skriftemål og nattverd. Sokneprest Nese.